


Flagget



Flagget er laga av den samiske kunstnaren Astrid Båhl.
Ho såg på det samiske folket som søner og døtrer av sola.

Den raude halvsirkelen på flagget viser til sola.
Den blå halvsirkelen viser til månen.
Sirkelen symboliserer samhald.

Flagget har fire fargar: raud, blå, grøn og gul.
Desse fargane er vanlege på samiske folkedrakter.

Kvar farge har si eiga tyding.
Raud står for varme og kjærleik.
Blå står for vatn.
Grøn står for natur.
Gul er sola.

I tillegg symboliserer dei fire fargane at samane lever i fire land: Noreg, Sverige, Finland og Russland.
Det samiske flagget er felles for alle samar.

Spørsmål til teksten

1. Kva samisk kunstnar har laga det samiske flagget?

2. Kva symboliserer sirkelen på flagget?

3. Kvifor har flagget fire fargar?

4. Kva står fargane på flagget for?
